



Kunstverket Bondeslaktaren av Gaute Haugland

Under den store markeringa i samband med jordbruksoppgjeret i Oslo tirsdag har det vekt stor merksemd at Omvikdalen bondelag vart nekta å bruka eit kunstverk laga av uskedelingen Gaute Haugland. Kunstverket viser ein god karikatur av landbruksminister Jon Georg Dale(Frp) og har tittelen Bondeslaktaren.

Det deltok 3-4000 bønder frå heile landet i markeringa som har samanheng med den store avstanden mellom krav og tilbod som har ført til brot i landbruksforhandlingane. 8-9 kvinnheringar deltok i markeringa, og ein av dei, Lars Haugland, var frå Uskedalen. Han var i hovudstaden i eit anna ærend og nytta høvet til å få med seg markeringa.

Det var Omvikdalen bondelag som hadde bestilt kunstverket av Gaute Haugland. Det er svært godt utført og er i storleik 2,40m x 2,40m. Ganske kort tid etter det var oppstilt, måtte dei leggja dei med framsida mot asfalten medan leiinga diskuterte om det skulle få vera med i markeringa. Leiar i Norges Bondelag Lars Petter Bartnes gav så tilbakemelding om at dei ikkje ville tillata det brukt. Dei ønskte heller ikkje at Nationen, som vel var dei einaste som hadde fått tid til å fotografera det, skulle trykkja biletet i samband med dekkinga av aksjonen.

Kjetil Mehl i Omvikdalen Bondelag fortel til uskedalen.no at dei fekk ei grunngeving for at dei ikkje ønskte kunstverket brukt. Dei meinte det ville ha tatt for mykje oppmerksomhet, og dermed ville det teke merksemda vekk frå annan viktig bodskap som dei ønskte å formidla.

Når det gjeld den kunstnarlege utføringa, syntes også sentralleiinga i bondelaget at det var godt utført.

At kunstverket vart nekta brukt er blitt lagt merke til, og er blitt publisert. Vi har sett det på facebook, og i føremiddag vart det publisert i Nationen si nettutgåve.

Ein ting kan vi i alle fall vera samde om. Det er imponerande kva Gaute Haugland får til med sprayboksane sine.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland
Foto: Kjetil Mehl.